



Val av medlemmer til generalforsamlinga i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Org nr: 996 124 789

Er du kunde i SpareBank 1 SR-Bank ASA og har bustadadresse i Kvinnherad kommune, kan du vera med å velja medlemmer til generalforsamlinga i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad vart skipa i samband med samanslåinga av Kvinnherad Sparebank og SpareBank 1 SR-Bank 1. november 2010 for at dei verdiane som er bygde opp i Kvinnherad Sparebank skal bli att i og verta forvalta av området. Samla kapital ved skipinga var 350 000 000,- kroner. Stiftinga skal støtta SpareBank 1 SR-Bank ASA i å vidareføra sparebanktradisjonane og skal løysa ut positiv aktivitet i lokalsamfunna gjennom utdeling av midlar til ålmennyttige føremål. SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad eig i dag 6 226 583 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA, og er med dette ein av dei største eigarane i banken. Hovudinntektskjelda for stiftinga er utbyte frå desse aksjane.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad sine styrande organ er generalforsamling og styre. Generalforsamlinga har 18 medlemmer og 9 varamedlemmer. Av desse vel Kvinnherad kommunestyre 3 medlemmer og 2 varamedlemmer. Kundane i banken vel 15 medlemmer og 7 varamedlemmer.

I år skal kundane velja 4 medlemmer og 7 varamedlemmer til generalforsamlinga. Eit medlem vert vald for 4 år, varamedlem for 1 år. Liste med namn på noverande medlemmer og varamedlemmer og kven som er på val er å finna på www.kvinnheradstiftinga.no og er også lagt ut i SpareBank 1 SR-Bank ASA sitt kontor på Husnes.

Berre dei som siste 6 månadane har hatt bustadadresse i Kvinnherad kommune og i same tidsrom har hatt innskott større enn 2.500 kroner i SpareBank 1 SR-Bank ASA kan veljast, stemma ved valet, eller koma med framlegg på kandidatar. Ingen kan i valmøtet gje meir enn si eiga stemme.

Valet vert førebudd og gjennomført av valkomitéen til stiftinga. Leiar av valkomitéen er Kjell Yri, Geilo 28, 5463 Uskedalen, telefon: 48893150, e-post: kjell.yri@outlook.com

Framlegg på kandidatar til valet må sendast skriftleg (e-post eller brev) til valkomiteen v/leiar seinast 7 dagar før valet. Framlegget skal innehalda namn, adresse og fødselsdato på den som sender framlegget, og namn, adresse, fødselsdato og yrke til kandidaten. Valkomitéeen innstiller på forslag til kandidatar og set opp prioritert valliste som vert lagt fram på valmøtet.

Valmøtestad vil vera i SR-Bank sitt kontor på Husnes.

Valmøtet vil i år finna stad:

Onsdag 11. april 2018 kl 18:00

i SpareBank 1 SR-bank ASA sitt kontor på Husnes.

Kjell Yri
Leiar av valkomitéen